

SPØRSMÅL MED SVAR-ALTERNATIV

Vidaregåande skule

Set kryss ved rett svar!

1. Kvar blir det danna isbrear?

- Der det gjennom lengre tid fell meir snø om vinteren enn det som smeltar om sommaren.
- I nordvendte områder der sommartemperaturen ikkje overstig 0° C.

2. Kva kjenneteiknar breen sitt avsmeltingsområde?

- All is smeltar vekk om sommaren.
- Vintersnøen smeltar heilt vekk om sommaren.

3. Kvifor blir bresprekker danna?

- Smeltevatn på breoverflata grev ut sprekkene.
- Ulik fart på breen fører til spenningar og sprekker.

4. Kvifor har bresprekker eit maksimumsdjup?

- Når sprekkene blir djup nok vil smeltevatnet i breen fryse og tette sprekkene.
- På eit visst djup blir sprekker og holrom jamna ut pga. at isen blir plastisk.

5. I kva område av breen er rørsla størst?

- På overflata i sentrale områder av breen.
- Langsmed sidene og botnen.

6. Kva skil ei breelv frå ei vanleg elv?

- Ei breelv inneheld meir steinmateriale.
- Ei breelv har nesten ikkje vassføring om sommaren.

7. Kva meiner ein med Kvartærtida?

- Dei siste 70 millionar åra.
- Dei siste 2-3 millionar åra.

8. Når var den siste istida?

- Mellom 120 000 og 10 000 år før notid.
- Mellom 30 000 og 10 000 år før notid.

9. Når hadde dei noverande breane i Noreg si største utstrekning?

- For meir enn 10 000 år sidan.
- I "Den vesle istida" rundt år 1750.

10. Kva er ein morene?

- Lausmassar som breen har avsett.
- Lausmassar som breelva har avsett.

11. Over kor lang tid er fjordane i Noreg danna?

- Siste istid.
- Fleire istider dei siste 2-3 millionar år.

12. Kva kjenneteiknar dalar som er grave ut av brear?

- Dei har slake dalsider og v-forma botn.
- Dei har bratte dalsider og u-forma botn.

13. Kvifor blir einskilde sidedalar hengande i høve til hovuddalføret?

- Breerosjonen har vore mindre i sidedalen enn i hovuddalen.
- Landhevinga har vore mykje større i sidedalen enn i hovuddalen.

14. Kva er eit delta?

- Ein rygg av morenemateriale som breen har avsett framfor seg.
- Ei flate av grus og sand som elva avset i ein fjord eller ein sjø.

15. Korleis kan eit marint avsett delta ligge høgt over dagens havnivå?

- Deltaet bygde seg opp høgt over havnivå då det blei danna.
- Landet har heva seg sidan deltaet blei avsett.

16. Kva er likevektslinja på ein bre?

- Ei tenkt line som skil avsmeltingsområdet frå næringsområdet.
- Ei line som syner posisjonen til brefronten etter smeltinga om sommaren.

17. Korleis vil ei klimaforverring virke inn på brear?

- Likevektslinja kjem høgare på breen og avsmeltingsområdet blir større.
- Likevektslinja kjem lågare på breen og næringsområdet blir større.